

Kvar dag gjeld!

Rettleiar for førebygging og oppfølging av skulefråvær



Innhald

.....	1
1 Målsetting for rettleiaren	3
2. Kva er bekymringsfullt fråvær.....	4
Omgrepsavklaring	4
Bekymringsfullt fråvær i skulen	4
Gyldig eller ugyldig skulefråvær?	4
3. Førebygging	6
Kva kjenneteiknar ein god nærværskule?	9
Nevrodivergente barn.	10
4. Når skulefråvær blir ei bekymring	12
Når skal du vere bekymra for fråvær?	12
5. Årsaker til skulefråvær	13
Risiko og beskyttelsesfaktorar	15
Tiltakstrapp bekymringsfullt fråvær	17
Tiltakstrappa – Kva gjer du?	18
6. Samarbeid skule og heim	19
7. Verktøykasse/ tiltaksdel	20
Forslag til invitasjon som kan sendast heim:	21
Kartleggingssamtale.....	22
Kartleggingskjema – Livet & sånn.....	23
TILTAKSSIRKELEN – pedagogisk analyse	24
EKSEMPELKARTLEGGING / TILTAK - Tiltakssirkelen	26
Timeplan tiltak skule-fritid	28
8. Kjeldeliste:	29

1 Målsetting for rettleiaren

Formålet med denne rettleiaren er å sikre at alle skulane i Giske har felles rutinar ved bekymringsfullt fråvær som skal sikre auka skulenærvær. Vidare er det eit mål med rettleiaren å støtte skulane om at det er viktig å setje inn tiltak så tidleg som mogleg og gjerne også i samarbeid med andre instansar/hjelpetenester i kommunen.

Det viktigaste arbeidet blir likevel sett inn i det førebyggjande arbeidet og den universelle utforminga som bidreg til at alle elevar opplever eit trygt og godt skulemiljø, der alle er inkluderte og opplever seg sett og verdsette.

Rettleiaren er eit ledd i kvalitetsplanen vår med visjonen om at alle elevar skal oppleve at «det var bra eg kom».

I ny opplæringslov av 2024 har kommunen og fylkeskommunen ei plikt til å sørgje for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgt opp både i grunnskulen og i vidaregåande. Plikta til å følgje opp gjeld alt fråvær og frå første dag ein elev er borte frå opplæringa. Ved å styrkje oppfølginga av elevar med fråvær blir moglegheitene betra til å fullføre og bestå opplæringa.

Fråvær blir beskrive å vere ein av dei viktigaste indikatorane for om elevane trivst på skulen og lærer det dei skal. Det er derfor viktig at skulane har gode rutinar for førebygging og oppfølging av elevar med fråvær.

Målgruppa er alle tilsette i skulen, føresette og støttetenestene til skulen i saker som omhandlar bekymringsfullt fråvær.

Vi ønsker at planen skal bli ein nyttig rettleiar og eit oppslagsverk for arbeidet med bekymringsfullt skulefråvær i Giske kommune.

2. Kva er bekymringsfullt fråvær

Omgrepsavklaring

Bekymringsfullt fråvær i skulen

I litteraturen om skulefråvær blir ulike omgrep ofte brukte om kvarandre. Definisjonane av desse omgrepa overlappar ofte, men dei peikar på ulike område eller utfordringar innan skulefråvær, som til dømes skulevegtring, skuleangst, skulefobi, skulenekt og skulk.

I Giske kommune har vi valt å bruke omgrepet bekymringsfullt fråvær når vi snakkar om skulefråværsproblematikk. Dette paraplyomgrepet omfattar alt fråvær som gjer oss bekymra, uavhengig av årsak eller dokumentasjon. Alle skular har plikt til å loggføre nærvær og fråvær, og dette gjeld alle elevar, alltid. Når fråvær gjer oss bekymra, treng vi meir enn loggføring – vi må handle. Tidleg handling i fråværet aukar sjansen for å lykkast.

Ulike prosedyrar for ulike årsaker til fråvær krev at vi forstår kva fråværet handlar om før vi handlar. Dette krev også at ein blir kjend med og god på fleire prosedyrar, noko som kan redusere handlekrafta. Ein felles rettleiar for alt bekymringsfullt fråvær betyr ikkje at ein går bort frå individuell tilpassing. Hovudplanen i rettleiaren er lik for alle typar fråvær, men tiltaka bør vere skreddarsaum tilpassa den enkelte elev, situasjonen og systemet rundt eleven. Dette gjeld også tempoet på tilbakeføring og forventningane til den enkelte elev.

I det førebyggjande arbeidet på skulen kan det vere nyttig å kjenne til ulike former for fråværsproblematikk. Dette hjelper oss å fange opp tidlege teikn før dei utviklar seg til bekymringsfullt fråvær. Særleg gjeld dette elevar med åtferdsmønster og utfordringar som liknar skulevegtring eller liknande. Det er mykje nyttig kunnskap i forskning og litteratur om skulevegtring, men fallgruva er at det lett kan bli sett på som ein eigen tilstand. Dette kan føre til at fokuset rettast mot eleven aleine, og mogelege underliggande årsaker i systemet rundt eleven, som skulemiljø, læreansvar, heimeforhold og samarbeid mellom skule og heim, kan bli oversett.

Gyldig eller ugyldig skulefråvær?

Skulefråvær blir ofte delt inn i gyldig fråvær, ugyldig fråvær og bekymringsfullt fråvær. Gyldig fråvær er fråvær ved sjukdom, innvilga permisjon, legetime, tannlegetime og liknande der foreldre gir beskjed til skulen, eller elevane har dokumentasjon frå lege. Om ein elev har høgt gyldig fråvær er det likevel viktig at lærarar følgjer opp, ettersom høgt fråvær kan vere bekymringsfullt sjølv om det er gyldig. Ugyldig fråvær er fråvær som ikkje

er gitt beskjed om eller dokumentert, anten enkelttimar eller heile dagar. Både elevar med gyldig og ugyldig fråvær kan få eit alvorleg skulefråvær, og derfor bør skulane ha ei grense for når dei skal følgje opp både gyldig og ugyldig fråvær. (Lillestrøm kommune, 2024)

3. Førebygging

Universelle tiltak og tidleg identifisering

Førebygging handlar først og fremst om universelle tiltak som rettar seg mot alle barn og unge, og vil ha som mål å fremje nærvær og førebygge alle typar skulefråvær. Samtidig handlar førebygging om å identifisere utsette grupper av barn/elever som vil dra nytte av tidleg innsats i form av spesifikke

førebyggande tiltak. Dei førebyggande tiltak kan vere aktuelle å justere og legge til rette som ein del av tidleg intervensjon når skulefråvær er i ferd med å utvikle seg.

Arbeid førebyggande med nærværstiltak og identifiser begynnande utfordringar.

Tverrfagleg samarbeid – eit godt lag rundt eleven

Ei systematisk førebygging og oppfølging av skulefråvær er avhengig av at også andre instansar i kommunen sine helse- og oppveksttenestar bidrar inn i arbeidet.

Inkluderingsteamet i skulen er eigna til å samarbeide tverrfagleg ved tidleg undring eller begynnande fråværsproblematikk. (Nivå 1 BTI)

PPT Den pedagogisk psykologiske tenesta skal samarbeide med skolane i det førebyggande arbeidet for å gi eit inkluderande opplæringstilbod til elevar som kan ha behov for tilrettelegging av opplæringa. Tenesta skal støtte og rettleie skulane i å greie ut behovet for tilrettelegging av opplæringa og i å sette inn tiltak så tidleg som mogleg når det trengst. Hjelpe til med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling slik at opplæringstilbodet blir så inkluderande som mogleg. Der lova eller forskrift til lova krev sakkunnig vurdering, er det den pedagogisk-psykologiske tenesta som skal utarbeide vurderinga.

Skulehelsetenesta kan i samarbeid med skulen, både bidra til dei universelle tiltaka og til å følgje opp elevar med bekymringsfullt fråvær. [Samhandling med skole - Helsedirektoratet - bekymringsfullt fravær](#)

Barn, ungdom og føresette kan få oppfølging og rettleiing på tema som til dømes samspel, kosthald, søvn, seksualitet og psykisk helse. Skulehelsetenesta kan vurdere heimebesøk om elevar er i risiko for å falle ut av skulen.

Barneverntenesta Dersom barnevernet blir kjent med bekymring for omsorgssituasjonen til eit barn, eller med barn som viser alvorlege åtferdsvanskar, har dei ei lovbestemt plikt til å undersøke korleis barnet har det, og om nødvendig sette i verk tiltak. Høgt skulefråvær aleine er ikkje tilstrekkeleg grunnlag for bekymringsmelding til barnevernet.

Barnehagen er ein sentral samarbeidspart for skulen for å førebygge og oppdage tidlege teikn på risikofaktorar hos barn. Barnehagen kan sette inn fleire tiltak for å forebygge skulefråvær og sikre ein god overgang til skulen:



Nivå 3: Beskriver mer omfattende tverrfaglig samarbeid mellom flere tjenester.

Nivå 2: Beskriver enkelt tverrfaglig samarbeid mellom fortrinnsvis to tjenester

Nivå 1: Beskriver innsats innenfor hver enkelt tjeneste

Nivå 0: Avklarar om det er grunn til bekymring.

→ **Overganger i barnehagen**

- Gode rutinar og fast struktur for store og små overganger i barnehagen.
- Positive erfaringar vil rusta barnet for vidare overganger i utdanningsløpet.

→ **God overgang mellom barnehage og skule**

- Samarbeid med skulen og sørg for at informasjon om behovet, styrkane og utfordringane til barnet blir overførte til skulen.

→ **Identifisere sårbare barn og støtte barn med spesielle behov tidleg**

- Følgje opp utviklinga og trivselen til barnet jamleg for å fange opp eventuelle problem tidleg.
- Ta raskt kontakt med foreldre ved bekymring og juster tiltak etter behov.

→ **Tett samarbeid med foreldre for å sikra deira involvering og støtte**

- Bekymringane til foreldre bør takast på alvor, og dei bør oppmodast til å vera opne om behovet til barnet til skulen.
- Nærvær og fråvær bør vera tema i samtalar med foreldra.

→ **Skap eit miljø der alle barn kjenner seg trygge og inkluderte, med nulltoleranse for mobbing og krenkjande åtferd**

→ **Legg til rette for aktivitetar som fremjar trivsel og meistring for alle barn**

- Tilsette må ha kunnskap om psykisk helse og korleis hindra utanforskap. Arbeid med livsmeistring skal rusta barna til å takle medgang og motgang.

Ved å implementera desse tiltaka kan barnehagen bidra til å førebyggja skulefråvær og sikre ein god start på skulegangen for alle barn.

Barnehagen bør også følgje opp barn som har fråvær utover det som blir sett på som normalt for barn i barnehagen. Dette kan variere, derfor er det vanskeleg å sette en fråværsgrense. Dei yngste barna har ofte høgt fråvær dei første årene i barnehagen. Ved urovekkande høgt fråvær eller eit mønster i fråværet som gjer oss bekymra, vil barnehagen ha kommunikasjon med familien og kan sette inn tiltak tidleg (jmf Nivå 0 i BTI). Eit bekymringsfullt mønster kan til dømes vere;

- foreldre som systematisk ikkje gir beskjed om fråvær,
- vanskar utover normalvariasjonar ved levering og henting.

Barnehagen bør vere bekymra for fråvær når det er gjentakande eller langvarig, og når det kan påverke trivselen og utviklinga til barnet.

Kva kjenneteiknar ein god nærværskule?

- Tilsette arbeidar aktivt med å bygge **gode relasjonar** til alle elevar.
 - Skuleleiinga set tema «Korleis byggje ein god relasjon» på dagsordenen årleg.
- Klasserommet er prega av **elevmedverknad** og gode demokratiske prosessar.
- Alle elevar opplever **meistring** i skulekvardagen.
 - Læraren legg til rette for eit meistrings - / læringsorientert miljø og unngår for mykje vekt på konkurranse og testing (prestasjonsorientert miljø).
 - Har livsmeistring som tverrfagleg tema i skulen.
- Klassemiljøet opplevast som **eit inkluderande miljø**.
 - Elevar med behov for tilpassa læring får dette i det ordinære fellesskapet.
 - Tilsette arbeidar aktivt med å bygge gode relasjonar mellom elevane.
 - Skulen har handlingsplan og nulltoleranse for mobbing og krenkande åtferd.
- Har eit tett og tillitsfullt **samarbeid med heimen**.
 - Ha skulefråvær/nærvær som tema på foreldremøte.
 - Tar raskt kontakt med føresette ved tidleg undring/bekymring for ein elev.
- Sørgjer for at skulebygningar, uteområde, pedagogikk og læringsressursar er **universelt utforma** og tilgjengelege for alle elevar, uavhengig av føresetnadene deira.
- Har gode **rutinar for overgangar**.
 - Mellom barnehage og skule / småtrinnet og mellomtrinnet / barneskule og ungdomsskule.
 - I skulekvardagen.
- Tilsette har grunnleggande kompetanse i **tidleg kunne identifisere** sårbarheit og utviklingsmessige forseinkingar som utløyser behov for tidlege tiltak.
- Gode rutinar for **fråværsregistrering og oppfølging av fråvær**.
 - Tilsette, elevar og føresette er kjent med nærværinnsatsen til skulen og fråværsrutinar.
 - Kontaktlærar følgjer rutine og bekymringsgrense for fråvær.

«Betydningen av støttande lærer – elev relasjoner ble vektlagt av mange foreldre til barn med skolevegringsproblematikk, som brukte ord som «en som bryr seg, ser, viser respekt og har god kjemi»» (Havik, 2023)

Nevrodivergente barn.

Nevrodiversitet betyr ein person viss nevrologiske funksjon eller tenkemåte skil seg frå det som ville blitt vurdert som normalt, eller nevrotypisk. Det vart introdusert av sosiologen Judy Singer i 1998.

Vanlege tilstandar som fell under omgrepet nevrodiversitet er ADHD, autisme, aspergers syndrom, dysleksi, dyspraxi, epilepsi, tvangsliding (OCD) og Tourettes syndrom (TS).

Statped trekker fram at barn og unge med nevrodivergens, er særleg sårbare for å utvikle høgt skulefråvær. Det er viktig å merke seg at sjølv om for eksempel autisme er ei diagnose individet har, så er det ikkje diagnosen i seg sjølv som utgjer at eleven får fråvær. Det kan for eksempel handle om mangel på tilrettelegging for læring og trivsel, basert på eleven sine behov.

Universell utforming for nevrodivergente barn

Universell utforming handlar om å fjerne eller redusere barrierar som hindrar deltaking.

Alle barn har behov for å høyre til, å kunne regulere seg og å kjenne mening og meistring. Mange nevrodivergente barn får ikkje desse behova dekt godt nok i eit skulesystem som er mest tilpassa dei nevrotypiske, og får derfor ofte individuell tilrettelegging.

Kan vi snu på det og heller tilpasse systemet slik at det passer betre for alle?

For å legge betre til rette for universell utforming for nevrodivergente så må vi fokusere på:

- Struktur og plan
- Visuell støtte
- Sanseintrykk
- Behovsstyrt plassering
- Kroppsleg uro og merksemd



Tiltak som bidrar til lågare fortauskantar i klasserommet, hjelper alle barn!

Nevrodivergente barn vil som oftast ha eit større behov for struktur og at dei veit kva som skal skje gjennom skuledagen. Det vil då vere mindre overraskingar og ein tryggare skuledag. Ved å gjere dette felles i klassa, så vil mange elever få eit tryggare skulemiljø og ein lettare kvardag. Her er dei sju K-ane til Statped viktige. Prøv å gjere oppstart og overgangar mest mogleg lik og trygge for alle barn.

Dei 7 K-ane

1. Kva skal vi gjere?
2. Kor skal eg vere?
3. Kvifor skal eg gjere det?
4. Korleis skal eg gjere det?
5. Kven skal eg gjere det saman med?
6. Kor lenge skal eg gjere det?
7. Kva skal eg gjere etterpå?

Statped (2021)

Bruk visuell støtte for å gjere det lettare å få med seg beskjedar og undervising generelt. Visualisering av tid og plan for aktivitet eller skuletime blir viktig.

Eit typisk trekk ved nevrodivergente barn er at dei tar inn sanseintrykk sterkare, og kan oppleve stort ubehag ved lydar, luktar, lys og berøring. Summen av desse sanseintrykka kan bli for mykje og vere overveldande, og igjen føre til behov for fråvær frå situasjonen.

Skulen må prøve å lage eit miljø med få kjelder til ubehagelege sanseintrykk, og legge til rette for at eleven kan ta i bruk hjelpemidlar som minkar sanseintrykk. Plassering i rom eller bruk av skjermingsutstyr som t.d. headsett og caps kan vere aktuelle tiltak.

Det kan vere behov for å ta oftare pausar for å fordøye sanseintrykka.

Legg til rette for at sansevare barn skal ha ein trygg kvardag gjennom skuledagen, med forebyggjande og universelle tiltak som hjelper mange. (Livet & Sånn, 2025)

Nyttige sider i det førebyggjande arbeidet:

- [Slik kan skolen forebygge bekymringsfullt fravær | udir.no](https://udir.no)
- [Oppdagerkompetanse, overgang mellom barnehage og skole og forebygging av skolefravær | statped.no](https://statped.no)
- [#dusåmeg – Spesial](#)
- [Autoritativ klasseledelse - hva er det? | Universitetet i Stavanger](#)
- [Skolefravær | Bufdir](#)
- [Overganger for elever med nevrouviklingsforstyrrelser | statped.no](https://statped.no)
- [Tiltakspakke skulefravær - Livet og sånn](#)

4. Når skulefråvær blir ei bekymring

Fullført skulegang gir elevane i Giske kommune dei beste føresetnadane for god psykisk helse, eit stabilt kvardagsliv, sosial fungering og positive framtidsutsikter. Eit høgt skulefråvær kan føre til fleire negative konsekvensar som isolasjon, låg sjølvkjensle, faglege hol og utfordringar i familien. Høgt fråvær i grunnskulen kan ofte resultere i fråfall i vidaregåande skule, noko som gjer det vanskeleg å kome seg inn på arbeidsmarknaden. Med slike alvorlege konsekvensar er det i alle si interesse å førebygge og hindre skulefråvær. For å oppnå dette er samarbeid mellom elev, heim, skule og hjelpeapparat heilt avgjerande.

Når skal du vere bekymra for fråvær?

Bekymringsfullt fråvær kan oppstå frå første fråværstime. Likevel har vi valt å ta med ein konkret og skjematisk oppsett grense for når skulen seinast må handle.

Du må seinast handle ved:

1. 10 % fråvær, gyldig eller ugyldig.
2. 10 enkelt-timar i ein termin.
3. Udokumentert fråvær- enkelttimar
4. Gjentakande forseintkoming
5. Mønster i fråværet

Døme på når 10% fråvær er oppnådd:

Tidspunkt	10 % fråvær
15. oktober	ca. 4 dagar
1. desember	ca. 7 dagar
Terminslutt 15. januar	ca. 10 dagar
1. mai	ca. 6 dagar
Terminslutt	ca. 10 dagar

(Kvar dag tel, Haram kommune, 2024)

Kvifor 10 % ?

I opplæringslova § 10-6 står det "Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp." Oppfølgingsplikta gjeld ved alle typar fråvær, og frå første dag ein elev er borte frå opplæringa.

Forsking indikerer at det er mogleg å fange opp sårbare elevar tidleg dersom ein kartlegg årsakene til fråværet ved 10 % (Fornander & Kearney, 2020). Difor er det hensiktsmessig å sette grensa til 10 %, slik at dei elevane som er i ferd med å utvikle problematisk og vanskeleg fråvær kan få støttetiltak. Bekymringa gjeld også for elevar med høgt gyldig fråvær, då dei kan ha like stort sannsyn for å trenge ekstra oppfølging for å auke nærværet på skulen, som elevar med ugyldig fråvær.

5. Årsaker til skulefråvær

Kven utviklar høgt skulefråvær?

Bekymringsfullt skulefråvær kan utvikle seg gradvis, eller oppstå plutselig. Fråværet kan oppstå gjennom heile skuleløpet, men har auka risiko ved skulestart, etter ferie, i overgangar, eller etter lengre sjukdom.

Elevar som ikkje er på skulen har noko i livet sitt som opplevast vanskeleg. Frederikke Knage (2021) har forska på skulefråvær og trekk fram at sjølv om fråvær, sett frå skulen og foreldra si side, er eit problem, kan det frå eleven sitt perspektiv bli sett på som løysinga på eit problem. Dette kan vere eit viktig perspektiv å ta med seg når ein skal forsøke å forstå kvifor det er vanskeleg å vere på skulen for nokre elevar.

Skulevegtring og alvorleg skulefråvær er ikkje eigne diagnosar, men symptom på at noko er vanskeleg. Årsakene til høgt skulefråvær er ofte samansette og kan vere individuelle, relasjonelle eller miljøavhengige.

Individuelle årsaker kan vere eteforstyrningar, angst, stress/press eller lærevanskar. **Relasjonelle årsaker** kan inkludere mobbing, tap av venner, samspelvanskar i familien eller manglande relasjonar til vaksne på skulen. **Miljømessige årsaker** kan vere mangel på tilrettelegging, uro i klasserommet, hyppig utskifting av personale, skilsmisser eller dødsfall i nær familie.

Sara Eline Eide (2021) peikar på at elevar som strevar ofte opplever nederlagskjensle, skamkjensle, manglande meistringskjensle og å falle utanfor. Kartlegging er viktig for å finne årsakene til fråværet. Her er nokre fleire døme på årsaker:

- **Individ:** nevroutviklingsforstyrningar (nevrodivergens), traume, psykiske eller fysiske lidningar, rusproblem, lærevanskar.
- **Familie:** konflikhtar, manglande struktur, sjukdom, dysfunksjonell kommunikasjon, endringar i familiesituasjon, vald eller rusmisbruk.
- **Sosialt:** problem i vennerelasjonar, mangel på venner, mobbing.
- **Skule:** hyppig lærarbyte, høgt lærarfråvær, manglande struktur, dårleg klassemiljø, ikkje tilpassa opplæring.
- **Lokalmiljø:** subkulturelle trendar, haldningar til skule, lite rom for annerleisheit.
- **Samfunn:** sterkt fokus på prestasjon, «generasjon prestasjon», føringar for fellesskulen.

Kjenneteikn hos elevar som kan utvikle bekymringsfullt fråvær

- Er innadvendt eller sjenert
- er svært utrygg ved skulestart eller etter skulebyte, og ordinære tiltak for å tryggje eleven hjelpar ikkje
- snakkar aldri høgt i klassen
- snakkar ikkje med vaksne/medelevar eller berre med utvalde vaksne/medelevar
- viser motstand mot å vere ute i friminuttet, eller er avhengige av at ein viss vaksen/medelev er til stades
- har ofte fysiske plager, til dømes vondt i hovudet eller mage
- gir nonverbalt eller verbalt uttrykk for mismot eller redsel, generelt eller tilknytt spesifikke situasjonar på skulen
- trekkjer seg tilbake frå sosial interaksjon og/eller skulerelaterte aktivitetar
- viser utagerande åtferd, til dømes sinne i situasjonar der eleven blir utsett for krav i skulekvardagen
- viser mostand mot å delta i eller prøver å unngå enkelte fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen
- ringjer ofte heim i skuletida, eller ønskjer å gå heim i løpet av dagen

Skulen har ei skjerpa aktivitetsplikt for elevar som er særskild sårbare. Sårbarheita blir knytt til funksjonsgrada til eleven, familieforhold eller eigenskapar. Tiltak som veier opp elevens sårbarheit må henge saman med miljøet rundt eleven, og det skal være lågare terskel for å opprette en aktivitetsplan (j.f. oppl. lov. §12-4)

Synleg åtferd i heimen

- Eleven må pressast til å gå på skulen, ber om å få sleppe.
- Er ofte trøtt på morgonen for å sleppe å gå på skulen.
- Somatiske plager som vondt i hovudet/magen.

Synleg åtferd på skulen

- Periodisk fråvær eller droppar enkelttimar
- Gjentekne fråværsdagar eller fråvær med enkelttimar, miksa med nærvær
- Heilt borte frå skulen i periodar av skuleåret.
- Fullstendig fråvær frå skulen i løpet av ein lengre periode

Døme på korleis utvikling av fråværsproblematikk kan sjå ut, basert på Kearney (2008)

Risiko og beskyttelsesfaktorar

Faktorar både ved eleven og miljøet rundt kan bidra til eller verne mot utvikling av bekymringsfullt skulefråvær. I ein kartleggingsfase kan desse bli gitt merksemd.

Beskyttande faktorar kan bidra til å moderere risiko og minske sjansen for at ein vanske oppstår. Samtidig kan ein seie at jo fleire risikofaktorar som er til stades, jo større er sjansane for ei negativ utvikling. Faktorane er heller ikkje uavhengige av kvarandre, men fungerer i eit samspel over tid.

	Beskyttelse	Risiko
Elev	• God sosial kompetanse • Positivt sjølvbilete • Minst ein god venn • Gode meistringsstrategiar • Skulefagleg meistring	• Psykiske vanskar sårbarheit eller stress. • Bekymringar for ting utanfor skulen • Ekstremt innadventd • Prestasjonsangst • Få eller ingen jamnaldningsvenner • Sosialt umoden • Uoppdaga læreveskar eller utviklingsmessige vanskar • Sykdom eller diffuse fysiske plager
Heim	• God psykisk helse hos føresette • Tydeleg grensesetting • Godt samarbeid mellom foreldra • Støtte i sosialt nettverk • Føresette samarbeider godt med skule og lærarar	• Psykiske vanskar eller lidningar hos føresette • Samspelvanskar i familien, • Vanskar med grensesetting • Familien har lite støtte i sosialt nettverk • Store endringar i familiesituasjonen, eks: sjukdom, død, skilsmisse, flytting og arbeidsløyse • Føresette har negative erfaringar med og/eller negative haldningar til skulen
Skule	• Gode rutinar for å følgje opp fråvær • God klasseleiing, tilpassa opplæring, realistiske forventningar til elevane og klare faglege mål • Trygg og god relasjon mellom lærar og elev	• Mangelfulle rutinar og lite konsekvent registrering, handtering og haldningar til fråvær • Dårlege klasse- og læringsmiljø, bruk av straff, lita grad av føreseielegheit og struktur

	• God informasjonsflyt ved overgangar skule, lærarbyte • Handlingskompetanse på intervensjon ved bekymringsfullt fråvær • Interne støttesystem på skulen, klar ansvarsdeling mellom kontaktlærar og leiing • Etablerte samarbeidsrutinar med eksterne instansar	• Mangelfulle rutinar for samarbeid skule-heim • Lite kontinuitet i opplæringa, tilfeldig overføring av informasjon, stort lærarfråvær eller mange lærarbyte • Mangelfull kompetanse på psykiske vanskar og angst hos barn
--	--	--


Skjemaet er hentet fra Oslo kommunes praktiske og faglige veileder om skulevegning og baserer seg på litteratur om bekymringsfullt skulefråvær: Kearney 2001, Ingul 2005, Thambirajah et al., 2008.

Tiltakstrapp bekymringsfullt fråvær

Teikn på ulike typar fråvær som skal sette i gang undring:

Sjå etter mønster i fråværet. Er det bestemte timar/fag? Er det etter helg, ferie? Er det «annleisdagar» som tur, utflukt, juleverkstad?

Udokumentert fråvær - ein enkelttime eller meir	Gjentakande forseintkomming	Forlet timar – gjentakande	Møter opp, men forlet skulen	Høgt dokumentert fråvær (10%). Ca 10 dagar i semesteret
---	-----------------------------	----------------------------	------------------------------	---



Tiltakstrappa – Kva gjer du?

Fase	Kva	Kven	Verktøy
Nivå 0 Snakk med elev og føresett – ved bekymring	Ved 3 dagar gyldig fravær, ta kontakt heim for å høyre korleis det går – og om eleven snart er tilbake frå skulen. 1.Når fraværet når fraværsgrensa skal kontaktlærar snakke med elev/føresette same dag. - Elev på u-trinnet skal alltid vere inkludert - Vurder elles korleis barnet skal inkluderast ut frå alder og modning. - Kontaktlærar gjer elev og føresett merksam på at fraværet har overstige 10 % og ein vurderer saman om det er behov for møte. 2. Oppklar bekymring - I nokre saker er det ei naturleg forklaring som tryggjar situasjonen og gir signal om at det ikkje blir eit vidare problem. Saka vert avslutta. - Dersom kontaktlærar/føresett er bekymra for vidare fravær, gå til trinn 1.	Kontaktlærar	
Nivå 1 Møte med kontaktlærar, avd.leiar, elev og føresette innan 1 veke etter første samtale	Fysisk møte med føresette og elev 1.Kartlegge situasjonen for å få avdekke årsak til fravær. - Eleven fortel kva som skal til for at fraværet kan reduserast. - Bli enige om konkrete tiltak og fordele ansvar. - Opprett ein stafettlogg i DIPS - Lagre møtemal som vedlegg - Avd.leiar deltek i møte etter behov - Avklar evalueringsmøte 1-3 veke 2. Iverksett tiltak 3. Gjennomføre evalueringsmøte 4. Avklar vegen vidare. - Ved framleis bekymring vurder nye tiltak eller meld saka som hastesak til inkluderingsteam. - Sikre samtykke - Gå til trinn 2.	Kontaktlærar Elev Føresett Avd.leiar	Møteinvitasjon - Vedlegg 1 Samtalekartlegging – vedlegg 2 Trafikklyskartlegging Livet & sånn – Vedlegg 3
Nivå 2 Tverrfagleg innsats	Tverrfagleg innsats 1.Leiar av inkluderingsteam kallar inn til møte. 2.Gjennomføre møte. Bruk analysemodellen. 3.Iverksett tiltak 4. Evaluer tiltak etter 6-8 veker. Set nye tiltak eller vurder nivå 3. Når tiltak ikkje har ønska effekt bør ein kople på kommunen sitt team. - Sikre samtykke - Gå til trinn 3.	Rektor Inkluderingsteam	
Nivå 3 Etabler tverrfagleg samarbeid. Kommunen sitt nærværsteam	Omfattande tverrfagleg innsats som sikrar andre tiltak enn nærskulen kan tilby -Rektor kontaktar kommunalt team for møte og vidare arbeid. -Det blir etablert eit tverrfagleg forpliktande samarbeid rundt elever, der aktuelle instansar deltek. -Regelmessige evalueringar fram til eleven ikkje har bekymringsfullt fravær.	Rektor Aktuelle eksterne deltakarar	

6. Samarbeid skule og heim

Barn og unges utvikling og læring er målet for samarbeid mellom heim og skole. Eit godt samarbeid mellom heim og skule er førebyggjande mot bekymringsfullt skulefråvær. Skulen sine forventningar til nærvær og fråværsrutinar skal vere tema på foreldremøte allereie ved skulestart. Skulen sine rutinar skal vere lett tilgjengeleg for alle.

Foreldre er ein viktig ressurs i arbeidet med å skape eit godt skulemiljø. Når skulen og heimen samarbeider og formidlar dei same forventningane til vil det ha ein positiv effekt på trivsel og læring.

Tett og tillitsfullt samarbeid med foreldra kan vere avgjerande for å fange opp og forhindre utvikling av urovekkjande fråvær. Gode relasjonar er viktig i samarbeidet. Dei første teikna til urovekkjande skulefråvær kan visa seg heime, til dømes ved at eleven gruer seg til å gå på skulen. Samarbeid med foreldra for å kartlegge årsakene til fråværet, enten de er faglege, sosiale eller helsemessige.

Skulen må ta kontakt med foreldra tidleg. Inviter til eit fysisk møte der de raskt får planlagt vegen vidare og avklart ei tydeleg ansvarsfordeling. Bli einige om felles mål og ei plan for tiltak (opprett Stafettlogg). Når foreldra er involvert i tiltaka kan deira støtte og engasjement vere avgjerande for eleven sin motivasjon og trivsel. Dessverre er det ikkje alltid tiltaka går som planlagt. Det er derfor viktig å ha tenkt igjennom ei plan B for dei mest sentrale tiltaka i plana. Ha vidare ein tett og regelmessig dialog.

Det er skulen som er den profesjonelle parten i samarbeidet, og har eit særleg ansvar. I nokre situasjonar kan skule og heim ha ulike forklaringar på kva som ligg bak fråværet. Ikkje fordel skyld da årsakene ofte er samansette. Det er viktig at skulen møter foreldre med varme, respekt og forståing.

Foreldre, så vel som eleven trenger å føle seg sett og høyr. Foreldre har mykje kompetanse og tankar rundt kva som er til det beste for deira barn og kan gi verdifull innsikt i kva som vil fungere. Tilpass oppfølginga etter barnets individuelle behov og situasjon.

Å stå i skulefråværsproblematikk over tid er krevjande; både for elev og føresette. Mange familiar vil ha behov for ytterlegare støtte og rettleiing i denne perioden. Det er sær viktig at skulen i lag med dei andre tverrfaglege støttetenestene har eit godt samarbeid med foreldra og informerer om aktuelle støttetiltak.

I denne artikkel kan foreldre finne råd når barnet ikkje klarer å gå på skulen:

[Skolefravær | Bufdir](#)

7. Verktøykasse/ tiltaksdel



Forslag til invitasjon som kan sendast heim:

VELKOMMEN TIL SAMTALE OM SKULEFRÅVÆR

Som avtalt på telefon inviterer vi dykk no til ein samtale for å finne ut om det er noko vi på skulen eller de heime bør gjere for at eleven skal klare å vere meir på skulen og at vi unngår fråvær.

Når: *dato, klokkeslett frå - til*

Kvar: *eigna møterom*

Kven: *kontaktlærer + mor + far + elev (skriv det som er aktuelt)*

Kva vi skal snakke om (agenda):

1. Eg vil gi litt informasjon om:
 - Skulen sine rutinar for fråværsoppfølging og eleven sitt fråvær
 - Skulen sitt ansvar for at elevar har ein god og trygg skulekvardag, og samarbeid med heimen om dette
2. Kartleggingsspørsmål til elev (om eleven er med) og foreldre
 - Vi stiller nokre spørsmål for å finne ut korleis de opplever skulekvardagen
 - Målet er å få eit best mogleg bilde av kvardagen – kva som er bra og kva som kanskje kan vere vanskeleg
3. Lurer de på noko?
 - De kan spør meg dersom det er noko de lurar på, eller er bekymra for
4. Oppsummering og vegen vidare
 - Vi blir einige om kva vil skal gjere framover
 - Vi skriv som regel dette opp i ein samarbeidsavtale

Med venleg helsing,

Kontaktlærer, skule/klasse

Kartleggingssamtale – Forslag til spørsmål

Forslag spørsmål til eleven

- Trivast du på skulen og på fritida?
- Kven liker du best å vere saman med i timane? -og i friminutta?
- Kva likar du å gjere på fritida?
- Er det noko du opplever som vanskeleg eller ubehageleg på skulen?
- Er det spesielle fag du liker/ikkje liker?
- Korleis opplever du prøver? Presentasjonar?
- Korleis går det med lekser?
- Er det lærarar eller andre vaksne på skulen som du har eit godt/ ikkje godt forhold til?
- Blir du plaga eller mobba på skulen, i friminutta, på skulevegen eller på fritida?
- Korleis har du det på sosiale medium? Blir du plaga eller mobba på Snap eller liknande?
- Kva gjer du på når du ikkje er på skulen?
- Korleis kunne du ønske at skuledagen din var?
- Er det noko eg kan gjere annleis for at du skal ha det bra på skulen?

Forslag spørsmål til føresette

- Korleis opplever du/de at barnet trivast på skulen/fritida?
- Opplever du/de at det er spesielle årsaker til at barnet ikkje er på skulen?
- Kan det vere forhold på skulen som gjer at barnet har fråvær?
- Kan det være forhold utanfor skulen som gjer at barnet har fråvær?
- Er det helsemessige årsaker til at barnet er borte frå skulen?
- Kva gjer eleven når han/ho er heime frå skulen?
- Korleis er eleven sine morgonrutinar? Kveldsrutinar?
- Kartlegg føresette sine behov for støtte:
 - Er det noko du/de som føresette har behov for hjelp til? Kven kan hjelpe?
 - Kva tenker du/de at skulen kan gjere for at barnet skal komme på skulen?

Kartleggingskjema – Livet & sånn

KORLEIS HAR DU DET PÅ SKULEN?

KOR GODT STEMMER DESSE PÅSTANDANE FOR DEG?				*
«Eg likar klassa mi»				
«I klassa mi er vi stort sett snille med kvarandre»				
«Eg har nokre trygge venner på skulen»				
«Eg likar plassen eg har i klasserommet»				
«Eg føler meg trygg på ein eller fleire av dei vaksne på skulen»				
«Eg klarer å følge med i timen»				
«Eg får med meg beskjedar som blir gitt»				
«Eg klarer å komme i gong og gjere det eg skal»				
«Eg føler at eg får den hjelpa eg treng på skulen»				
«Eg føler at eg klarer det som forventast av meg»				
«Eg føler at eg får vist kva eg kan på skulen»				
Dersom nokon sanseinntrykk (syn, lukt, lyd, anna) er plagsame så skriv det inn på gult eller raudt: Skriv dei ulike faga du har på raudt, gult eller grønt alt ettersom kor godt du likar dei. Du kan gjerne fortelje litt om kva som gjer at du plasserer dei der.				
KORLEIS ER DETTE FOR DEG NO?				
Å vere i klasserommet og lytte til undervisning				
Å vere i klasserommet og jobbe med oppgåver sjølv				
Å vere i klasserommet og jobbe to og to				
Å vere i klasserommet og jobbe i grupper				
Å skifte frå eit fag til eit anna				
Å vere i garderoben før/etter kroppsøving				
Å ha friminutt				
Å dra til skulen				
Å dra heim frå skulen				
Å gjere skulearbeid heime				
Å vere på SFO				


*Om eleven vil utdjupe så set nummer i den siste ruta, og skriv på baksida eller på eit anna ark.

TILTAKSSIRKELEN – pedagogisk analyse

Sirkelen er ein analysemodell for oppklaring av bekymring, og utarbeiding av tiltak

Årsakene til skulefråvær er ofte samansette eller uklåre, og det kan vere vanskeleg å skilje utløysande årsaker og opretthaldande faktorar. Tiltakssirkelen inneheld ulike tema som ein veit er med på å påverke fråvær og nærvær, uavhengig av årsak. Ved å bruke ei slik heilskapleg tilnærming er det lettare å finne løysingar, heller enn å plassere skuld.

Når vi bruker ein analysemodell for å utforske kva som påverkar åtferd, kan vi få auka forståing for ulike forhold i barnet sitt liv som det bør rettast meir merksemd mot. Her følger en kort introduksjon til bruk av tiltakssirkelen, samt eit eksempelark og eit arbeidsark til praktisk bruk.



Kilde: Tiltakssirkelen, Anneli Otnes (2016)

Korleis bruke tiltakssirkelen

Tiltakssirkelen er utarbeida av Anneli Otnes (2016). Modellen kan brukast ved alle grader av fråvær. Årsakene til skulefråvær er ofte samansett eller uklare, og det kan vere vanskeleg å skilje årsaker (utløysande) og oppretthaldande faktorar.

Tiltakssirkelen inneheld ulike tema (sirklar) som ein veit påverkar fråvær og nærvær, uavhengig av årsak. Ved ei slik heilskapleg tilnærming er det lettare å finne løysingar, heller enn å plassere skuld.

Skulen kan ta med seg modellen i det første samarbeidsmøtet. I fellesskap går ein gjennom sirkel for sirkel. Ein rekk neppe alle i første møte. Det kan vere lurt å ikkje begynne med det vanskelegaste (ofte heimeforhold og individuelle faktorar).

Relasjonar til vaksne på skulen er ein god plass å starte.

For kvar sirkel leitar ein etter ressursar og risiko. Hensikta er å finne små tiltak som aukar eller opprettheld ressursane og/eller små tiltak som minskar risiko. Døme: Dersom eit godt forhold til kontaktlærar er ein ressurs, kan eit mogleg tiltak vere å sette av faste tider i veka der lærar sender sms eller tek ein prat med eleven. Dersom ein risikofaktor er at barnet har søvnproblem og er trøtt om morgonen, vil eit mogleg tiltak vere at helsesjukepleiar eller andre i helsetenesta hjelper familien med dette. Poenget er å bygge eleven som heilheit, ikkje berre sjå på skulefråværet.

Alle deltakarar i møtet skal gå ut av møtet med tiltak, små eller store, som dei skal utføre fram til neste møte. Det kan vere små oppgåver, som at rektor helsar blidt når han treff eleven i gangen, eller meir omfattande tiltak som at kontaktlærar saman med eleven utarbeider ein redusert timeplan. I veldig fastlåste eller langvarige saker kan det vere lurt at eleven sjølv ikkje har tiltak, men at «alle andre» begynner arbeidet, og at eleven koplar seg på etter kvart.

Prinsippet «alle bekkar små...» er sentralt, heller enn å finne dei store revolusjonerande tiltaka. Foreldre sin tillit til skulen er ein føresetnad for å lukkast. Dersom dette viser seg å vere eit vesentleg tema, er det viktig å jobbe med det tidleg. Det er alltid skulen/ faginstansen, som er de profesjonelle aktørane, som har ansvaret for å skape ein god relasjon til foreldra. I tilfelle der eleven har vore heime over lang tid kan relasjonar til medelevar og fritid vere relevante tema å ta tidleg. For nokre elevar kan første steg etter langvarig fråvær vere knytt til aktivitetar på fritida.

Tiltakssirkelen kan også brukast som eit kartleggingsverktøy internt på skulen, for å få ei oversikt over kunnskapen skulen har om eleven og eleven sin situasjon. Der det vert brukt som eit internt kartleggingsverktøy er det viktig å vere merksam på at føresette og elev ikkje sjølv har fått bidra til, eller korrigere, eventuelle hypotesar som skulen har. (Nittedal kommune, 2023)

EKSEMPELKARTLEGGING / TILTAK - Tiltakssirkelen

Relasjon til vaksne på skulen

Ressursfaktorar:


- Har ein god relasjon til kontaktlærar
- Er sjarmerande, lett å like for vaksne
- Liker rådgjevar
- Liker same obskure rockeband som musikkklærar

Risikofaktorar:

- Redd for kritikk frå engelsklærer når han gjer feil
- Flau etter å ha skjelt ut mattelærar
- Redd for å vere mislikt av rektor fordi han er «vanskeleg»
- Far snakkar av og til nedsettande om nokon av lærarane

Tiltak:

- Kontaktlærar set av tid til faste samtalar med eleven
- Rådgjevar møter eleven på skuleplassen om morgonen i ei periode
- Rektor helser venleg når han møter eleven i gangen
- Foreldre snakkar positivt om lærarar og skulen
- Mattelærar tek initiativ til ein samtale med eleven
- Kontaktlærar snakker med engelsklærar om eleven si oppleving
- Musikkklærar er ekstra merksam, og slår av ein prat når det er naturleg



KARTLEGGING TILTAKSSIRKELEN

Område (sirkel): _____

Ressurser:



Risiko:

Tiltak: (mål: øke ressurser, redusere risiko)

Timeplan tiltak skule-fritid

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
Før skulen	Før skulen	Før skulen	Før skulen	Før skulen	Døgnrytme	Døgnrytme
Skule	Skule	Skule	Skule	Skule	Aktivitet	Aktivitet
Fritid	Fritid	Fritid	Fritid	Fritid	Venner	Venner
Døgnrytme/ venner/ familie	Gode vaner	Mat	Aktivitet	Interesser/ engasjeme nt	Familie	Familie

Marit Tørstad, pedagogbistand.com

8. Kjeldeliste:

Eide, SE (2022) Skolefravær. Cappelen Damm.

Færder kommune (2021, august). *Veileder. Om nærvær og fravær i skolen.*

[Veileder om nærvær og fravær i skolen | Færder kommune \(faerder.kommune.no\)](https://faerder.kommune.no/veileder-om-naervær-og-fravær-i-skolen)

Havik, Trude (2023) Skolefravær - å forstå og håndtere skolefravær og skolevegring, 2. utgave. Gyldendal

Ingul, J.M. (2005) Skolevegring hos barn og ungdom. I: Barn i Norge 2005.

Kearney, C.A. (2008). Helping School Refusing Children and Their Parents. A Guide for School-based Professionals. New York: Oxford University Press

Knage, f. (2021) Beyond the school refusal/truancy binary: engaging with the complexities of extended school non-attendance. International Studies in Sociology of Education
<https://www.tandfonline.com/doi/abs/10.1080/09620214.2021.1966827>

Lillestrom kommune (2024) Handlingsveileder for å motvirke skolefravær i Lillestromskolen. [handlingsveileder-for-a-motvirke-skolefravar-i-lillestromskolen.pdf](https://lillestromskolen.no/handlingsveileder-for-a-motvirke-skolefravar-i-lillestromskolen.pdf)

Livet & sånn, (2025) Tiltakspakke skolefravær

[Tiltakspakke skolefravær - Livet og sånn](https://livetogsann.no/tiltakspakke-skolefravar)

Nittedal kommune (2023, juli). *Hver dag teller!*

[hver-dag-teller-fullversjon-2023.pdf \(nittedal.kommune.no\)](https://nittedal.kommune.no/hver-dag-teller-fullversjon-2023.pdf)

Oslo kommune (2025) «Bekymringsfullt skolefravær – en praktisk nærværsveileder»

[Bekymringsfullt skolefravær. En praktisk nærværsveileder, 2022.pdf](https://oslo.kommune.no/bekymringsfullt-skolefravar-en-praktisk-naerværsveileder-2022.pdf)

Otnes, A. (2016). Å kurere gruff. En fremgangsmåte for samarbeid rundt barn og ungdom med skolefravær. . Spesialistoppgave i klinisk barne- og ungdomspsykologi.

Singer, J. (1998). Why can't you be normal for once in your life?": from a problem with non name to the emergence of a new category of difference in Corker.

Statped (2021) Nevroutviklingsforstyrrelser

<https://www.statped.no/temaer/skolefravar-og-nevroutviklingsforstyrrelser/nevroutviklingsforstyrrelser/verktoy-for-elever-med-skolefravar/>

Thambirajah, M.S., Grandison, K.J. & De-Hayes, L. (2008). Understanding school refusal: A handbook for professionals in education, health and social care. Jessica Kingsley Publishers.

Tørstad, Marit (2025) Bekymringsfullt skolefravær, konferanseinnlegg «Forebygging, tiltak og tverretatligningsamarbeid – laget rundt skolen og familien», pedagogbistand.com